



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Julie Marie Andersen, 5557 2355

Vår dato
09.12.2014
Dykkar dato
31.07.2014

Vår referanse
2014/9606 542.1
Dykkar referanse
«REF»

Skjærgårdsfisk AS
Lingavegen 206
5630 STRANDEBARM

Løyve til utslepp frå Skjærgårdsfisk AS på lokaliteten Toska N i Radøy kommune

Skjærgårdsfisk AS får løyve til utslepp til luft og vatn for produksjon av 3.620 tonn MTB matfisk av laks og aure på lokalitet 31497 Toska N. Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16.

Løyvet med tilhøyrande vilkår er lagt ved dette brevet. Fylkesmannen har regulert dei tilhøva som blir vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

Vi viser til søknad frå Skjærgårdsfisk AS av 31.07.2014 som vart oversendt frå Hordaland fylkeskommune den 01.08.2014, med ettersending av kommunalt vedtak av 13.10.2014. Kommunen har ingen merknader til utviding av biomasse på lokaliteten Toska N.

Verksemnda søker om løyve til å auke maksimalt tillaten biomasse (MTB) frå 2.340 tonn til 3.620 tonn.

Løyvet erstattar tidlegare vedtak og gjeld på dei vilkåra som følgjer vedlagt. Det er ikkje gyldig før Hordaland fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova.

Løyvet gjeld òg for utslepp frå reingjering av produksjonsutstyr (ikkje nøter) og medisiner. Det er sett vilkår for handtering av fiskeavfall og anna avfall ved anlegget. Løyvet gjeld ikkje for slakting, sløyving og foredling av fisk.

Dersom løyvet ikkje er teke i bruk innan to år, må verksemnda melde frå til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 20.

Fylkesmannen vil påpeike at negative miljøpåverknader isolert sett er uønskt. Verksemnda pliktar å redusere utsleppa så langt det er mogleg utan urimelege kostnader og pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemnda å overhalde forureiningslova, produktkontrollova, og dei forskriftene som er heimla i desse lovene. Enkelte av forskriftene er nemnt i løyvet. Vi viser til www.regelhjelp.no for informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemnda.

Fylkesmannen har ikkje sett krav til substitusjon av kjemikalie i løyvet. Krav til substitusjon følgjer direkte av produktkontrollova § 3a.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følger direkte av forureiningslova og produktkontrolllova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

Vurdering

Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova og vurdert han etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova.

Søknaden gjeld søknad frå Skjærgårdsfisk AS om utviding av MTB på 1.280 tonn (frå 2.340 tonn til 3.620 tonn) på lokalitet 31497 Toska N i Radøy kommune.

Tilhøvet til plan

Lokaliteten ligg innafør areal som Radøy kommune har satt av til akvakulturføremål. Det vert ikkje søkt om endringar i arealbruk eller utstyrsendingar.

Vilt, laksefisk/innlandsfisk, naturvern og friluftsliv

Det finnes ingen registreringer knytt til naturvern og friluftsliv i område registrert i *Naturbase* og *Artsdatabanken* som kan komme i konflikt med planane på lokaliteten. Der finnes noko spesielle naturtypar i nærleik til lokaliteten som skjelsand og tareskog. Det finnes også hekkande sjøfugl på nærliggande Langholmane.

Det er viktig at verksemda prioriterer effektive tiltak mot lakselus og rømming. Når det gjeld viltinteresser, viser vi til vedlegg 2.

Sjøområdet som resipient

Lokaliteten er plassert i Helleosen i Radøy, rett aust for Skjeggholmen, nord for Uttosko (vassførekomst 0261030500-C Mangersfjorden). Helleosen ligg ope og noko eksponert til mot Fedjeosen i nordvestlig retning. Djupet varierer frå 65 til litt over 100 m på sjølve lokaliteten, mens det blir grunnare i søraustleg retning, og djupare nordover mot Helleosen. Rapport frå straummåling og resipientgransking viser at lokaliteten kan fungere tilfredstillande ved auka MTB. Straummålingane viser at lokaliteten har relativt gode straumforhold som kan syta for god spreining av organisk avfall. Gjennomsnittleg og maksimal straum per djup er gitt i tabell under:

	Djup	Gjennomsnittleg straumhastigheit	Straummåling
Overflatestraum	5 m	Middels sterk	Gj.snitt 4,3 cm/s
Vassutskiftingsstraum	15 m	Middels sterk	Gj.snitt 3,4 cm/s
Spreiingsstraum	50 m	Sterk	Gj.snitt 3,5 cm/s
Botnstraum	90 m	Svært sterk	Gj.snitt 3,3 cm/s

Straummålingane som blei utført av Rådgjevande Biologer viser at straumforholda i måleperioden var i stor grad påverka av vêr og vind, men den er vanlegvis tidevasstyrt med lite straumstille periodar. Dei visar også til at sjølv om anlegget ikkje har den mest optimale

plasseringa, så er vassgjennomstrøyminga mest sannsynleg tilfredsstillande (25% på 15 m). Men dei poengterer at om anlegget dreiest noko slik at det ligg i aust-vest retning, så vil gjennomstrøyminga på tvers bli betre (50% på 50 m djup). Til samanlikning meiner dei at den mest optimale plasseringa av anlegget er om lag i nordaust-sørvest retning (med omsyn til vassfluxen på 15 m) kor det kan oppnåast heile 83% vassgjennomstrøyming på tvers. Havdønningar bidrar vidare til god gjennomstrøyming nedover i vassøyla som bidrar til god omrøring og utskifting av vassmassar ned til botn på lokaliteten, og det vil alltid kunne forventast tilfredsstillande oksygentilhøve i resipienten. Om det i periodar skulle bli opphopingar av organisk materiale under anlegget, så vil periodar med sterk vind og havdønningar syte for at dette vil bli spreidd utover eit større område.

Resipientgranskinga viser at det er lite teikn til miljøpåverknad i lokaliteten med botndyr i alle grabbprøvane, samt inga lukt eller anoksiske førehald. PH verdiane ligg på akseptable nivå i alle prøver og lokalitetstilstand er satt til 1 (då 2 tidlegare MOM B undersøkingar viser både tilstand 1 (2009) og 2 (2012)). Men ut frå dei resultata som blir presentert i søknaden og innsende rapportar, meiner Fylkesmannen det er tilrådeleg å gi løyve til ein biomasse på 3.620 tonn på lokaliteten.

Utslepp av kopar

Fylkesmannen har i seinare tid fått rapportar som syner at det kan skje og skjer opphoping av kopar i sedimentet under oppdrettsanlegg som nyttar koparimpregnerte nøter. Hyppig bruk av høgtrykksspylar for reingjering av nøtene ser ut til å vere medverkande faktor. Det er ikkje sett forbod mot bruk av høgtrykksspylar for reingjering av nøtene, men oppdrettar har plikt til å dokumentere utsleppa frå anlegga. Vi har difor sett krav om at bruk av høgtrykksspylar på koparimpregnerte nøter føreset at oppdrettar kan dokumentere ved målingar at det ikkje skjer ei opphoping av kopar i sedimentet som er til skade for miljøet.

Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8–12

Det er ingen registreringar i *Naturbase* eller *Artsdatabanken* som vil kunne kome i konflikt med matfiskanlegget på lokaliteten 31497 Toska N.

Kunnskapsgrunnlaget for denne avgjerda er straummålingar og MOM-B undersøkingar. Kunnskapen om naturmangfaldet i våre fjordsystem er avgrensa, noko som avspeglar seg i dei databasane vi har til rådvelde. Dette inneber at det kan kome ny kunnskap som kan ha påverknad på seinare avgjerder. Det ligg og i våre vurderingar at etablering av eit matfiskanlegg er eit reversibelt tiltak. Grunnlaget blir vurdert som tilstrekkeleg, jf. naturmangfaldlova § 8.

Vi vurderer det som å vere liten risiko for at miljøet skal bli negativt påverka av å auke MTB på denne lokaliteten til 3.620 tonn. Fylkesmannen vurderer tiltaket som å vere tilstrekkeleg dokumentert til at føre-var-prinsippet (naturmangfaldlova § 9) ikkje blir gjeldande.

Den samla belastninga på resipienten Helleosen vil auke noko (naturmangfaldlova § 10), men resipientundersøkingane i Toska N (lok.nr. 31497) har synt at resipienten ikkje er påverka av nåverande oppdrettsaktiviteten i området og undersøkingane visar at det ikkje er grunn til å tro at vassførekomsten ikkje skal tåle noko auka utslepp.

Dersom det syner seg at det kan bli naudsynt å setje inn tiltak for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal kostnadene berast av tiltakshavar, jf. naturmangfaldlova § 11.

Skjærgårdsfisk AS pliktar å ta i bruk miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar (naturmangfaldlova § 12) som er tilgjengelege for næringa i dag (BAT).

Konklusjon

Fylkesmannen meiner at kunnskapsgrunnlaget er til stades til å kunne gje eit utsløppsløyve på 3.620 tonn på lokaliteten Toska N (lok.nr. 31497).

Verksemnda skal undersøkje miljøtilstanden på lokaliteten med MOM B-undersøkingar etter NS 9410. I tillegg set Fylkesmannen krav om at verksemnda utfører resipientundersøking med MOM C etter 4 år i drift, eller etter frekvens som kjem fram i revidert utgåve av NS 9410. Verksemnda kan bli pålagt å utføre meir omfattande overvaking (MOM-C), eller delta i dei undersøkingane som Fylkesmannen finn nødvendig for å kartleggje forureiningseffekten anlegget har på resipienten, jf. forureiningslova § 51.

Risikoklasse

Verksemnda er plassert i risikoklasse 3. Fylkesmannen har lagt forureiningspotensialet og eigenskapane til resipienten til grunn for val av risikoklasse. Han er gradert frå 1 til 4, der 1 er høgaste risiko. Risikoklassen angir forventna ressursbruk ved tilsyn, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Han har òg innverknad på kor ofte vi vil gjennomføre tilsyn med verksemnda og storleiken på gebyret ved tilsyn.

Gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjeve i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert verksemnda under gebyrsats 4, jf. forureiningsforskrifta § 39-4 om arbeid med fastsetjing av nye løyve. Verksemnda skal betale 20.600 kroner i gebyr for sakshandsaminga. Miljødirektoratet sender faktura.

Verksemnda kan klage på vedtaket om gebyrsats til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør vere grunngeven og skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemnda må derfor betale det fastsette gebyret. Om Miljødirektoratet imøtekjem klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

Erstatningsansvar

Utsløppsløyvet frittek ikkje verksemnda for erstatningsansvar for forureiningsskade, jf. § 10 og kap. 8 i forureiningslova.

Klage

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova. Send klagen til Hordaland fylkeskommune innan tre veker etter at anlegget har fått løyve etter akvakulturlova.

Dersom vedtaket blir påklaga, kan Fylkesmannen eller Miljødirektoratet etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal gjelde før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Partane i saka har etter forvaltningslova §§ 18 og 19 rett til å sjå saksdokumenta. Fylkesmannen kan på førespurnad gi nærare opplysningar om sakshandsaminga.

Med helsing

Tom N. Pedersen
seniorrådgjevar

Julie Marie Andersen
overingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Kystverket	Postboks 1502	6025	Ålesund
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	Manger